

Ark.nr. 412, 5 Sei

HELDING FRA FISKERIDIREKTØREN
J-132-86
(J-131-86 GAR UT)



FISKERIDIREKTORATET

Møllendalsveien 4, Postboks 185, 5001 BERGEN
Telex 42 151 • Telefax (05) 20 00 61 • Tlf. (05) 20 00 70

Bergen, 22.9.1986
EL/TBR

FORSKRIFT OM SEINOTFISKET. ENDRING AV STENGT OMRÅDE I
VARANGERFJORDEN.

Fiskeridirektøren har den 18. september 1986 med heimel i
Fiskeridepartementet si forskrift av 7. mai 1985 om tiltak for
bevaring av ungfisk fastsett følgjande forskrift:

§ 1

Det er forbode å driva seinotfiske i Varangerfjorden innafor ei
rett line mellom følgjande posisjonar:

1. N 70°21' Ø 31°03'
2. N 70°07' Ø 31°36'

Unnateke frå forbodet i fyrste ledd er likevel fiske i eit område
avgrensa av følgjande posisjonar:

1. N 69°47' Ø 30°48'
2. N 69°58,5' Ø 29°42'
3. N 70°02,5' Ø 29°42'
4. N 70°03,5' Ø 30°27'

§ 2

Denne forskrifta tek til å gjelda straks. Frå same tid vert
Fiskeridirektøren si forskrift frå 17. september 1986 om
seinotfisket - stenging av området i Varangerfjorden - oppheva.
